



DEN NORSKE KYRKJA
Bømlo sokneråd

Kultur- og kyrkjedepartementet,
Kyrkjeavdelinga,
Postboks 8030 Dep,
0030 Oslo

lok 30

Kultur- og kirkelep.	
KI	
Saksnr. <i>200800738</i>	Date. <i>11.8.08</i>
Kode <i>Ki-501</i>	Beh.....

6. august 2008

Høyringsfråsegn til innstillinga "Styrket demokrati i Den norske kirke".

Vi takkar for høvet til å koma med ei fråsegn til ovafornemnde innstilling. Men vi undrast over den korte fristen som er gjeven no i sumartida med store vanskar til å både å få gjort grundig arbeid og å få samla folk i ferietida.

Vi vil sjå på framlegget frå arbeidsgruppa ut frå prinsippet om soknet som den grunnleggjande einskapen i DNK og vektleggja deira interesser som aktivt sluttar om kyrkja sine tenester og som deler hennar vedkjenningsgrunnlag.

Vidare vil vi få peika på som ein forutsetning for demokratiprosessen i DNK at det vert stilt midlar lokalt til disposisjon slik at faglege og administrative ressursar er tilstades for gode utgreingar og gjennomarbeidde vedtak i sokneråd og fellestråd. Dersom ikkje kyrkja får ressursar til å fungera på lokalplanet, hjelper det ikkje med all mogeleg sentral administrasjon. **"Det som ikkje skjer lokalt i kyrkja, skjer ikkje for den einskilde kyrkjemedlem."** Det er vår røynsle.

Vidare vil vi peika på at demokratiprosessen i DNK er svært sårbar med at mykje makt vert gjeve til menneske som får altfor lite hjelp til å setja seg inn i saker og fagområde som dei i neste omgang må gjera vedtak i. Her må kursmidlar og det faglege innhaldet i kursa styrkjast vesentleg. Serleg på bakgrunn av at det har vore stor gjennomtrekk i sokneråda og vanskeleg å få kandidatar til å stilla til val. Kyrkja sine valde leiarar må verta dyktiggjorde slik at dei er i stand til å leia kyrkja på ein trygg og representativ måte ut frå hennar eigenart som kyrkjesamfunn. Dette meiner vi er eit viktig moment i styrkinga av demokratiseringsprosessen lokalt. Her må økonomien verta styrka. Elles vert det berre fagre ord og dårleg innhald.

Kommentar til einskilde spørsmål:

1. Vi støttar framlegget om å auka tale på leke medlemmer i Kyrkjemøtet/bispedømeråda til 7/8/9 og at det vert differensiert med talet på medlemmer ut frå folketalet.
2. Primært ynskjer vi indirekte val til Kyrkjemøtet/bispedømerådet. Vi synest ikkje arbeidsgruppa har teke på alvor det svaret som vart gjeve ved høyringa av Stat – kirke – utvalget i 2006. Kyrkjelege organ må telja meir enn kommunar (sjå side 19) Sekundært kan vi støtta ei utprøving med t.d. 6 ved direkte val og 3 vert valde av sokneråda.
3. Vi støttar framlegget om at kyrkjelege val vert lagde til ein offentleg valdag. Og at vala må føregå i nær tilknytning – same hus eller like ved – til dei andre offentlege vala.
4. Vi ser det som viktig at det vert høve til førehandsval ved gudstenester føre det ordinære valet for å tydeleggjera at det er eit kyrkjeleg val og å knyta valet opp til den gudstenestefeirande kyrkjelyden.
5. For små kyrkjelydar eller der det er mange valkrinsar, vert det krevjande å stilla nok folk til å ta seg av den praktiske gjennomføringa av vala. Difor støttar vi framlegget om godtgjeringsa til valstyra og stemmestyra.

ADRESSE
Kommunchuset
5430 BREMNES
kyrkja@bomlo.kommune.no

TELEFON TIL KYRKJEKONTORET
Prest, kateket, kantor 53 42 32 80
Kyrkjeverje 53 42 32 90
Faks 53 42 30 07

ORG.NR. 976994647
Heimeside:
<http://bomlo.kyrkja.no>

6. Vi støttar og framlegget om at det vert lettare å oppnå røysterett i eit anna sokn enn der ein bur. Det kan vera ein måte å ta vare på menneske som ikkje finn seg til rettes der dei bur, men søkjer ein annan kyrkjelyd på grunn av teologisk profil eller andre ting.
7. Vi støttar framlegget om å gje røysterett til 15-åringar. Men 18 år bør vera alderen for å kunna veljast inn i kyrkja sine styre og råd.
8. Det må lagast ordningar som stimulerer til attval slik at kontinuiteten vert styrka i sokneråda.
9. Ved val av biskopar må dette førast over frå kyrkjeleg statsråd til eit kyrkjeleg organ på nasjonalt nivå. Denne prosessen må starta straks. Det må leggjast stor vekt på røystene frå sokneråda og kyrkjelege tilsette i vedkomande bispedøme. Primært bør rådet tilsetta den som har fått flest røyster. Sekundært må ein av dei tre som har fått flest røyster, tilsettast.
10. Vi støttar ikkje at biskopen vert valt ved direkte val.
11. Vi støttar framlegget om at tilsetting av prostar vert flytta frå kyrkjeleg statsråd til bispedømerådet. Denne prosessen må starta straks. Vi ynskjer at alle sokneråda i prostiet skal kunna få gje si tilråding saman med vigsla kyrkjeleg tilsette. Serleg er dette viktig no med den nye prostereformen der prosten ikkje lenger er sokneprest i det soknet han bur.
12. Vi er urolege for at den skissa over økonomi som er føreslått ikkje vil halda. Serleg for di mykje av dette er nytt og dermed meir arbeidskrevjande enn alt innarbeidde rutinar.

Fråsegna er samrøystes vedteken i soknerådsmøte 04.08.08.

Med venleg helsing for
Bømlo sokneråd

